



## SJEKKLISTA

I frå fylkesdelplan for arealbruk, vedteke 18.10.2000, har me trekt ut retningslinene og sett dei opp som ei samla sjekklister. Dette har me gjort for å gjere det einklare for planleggjar/sakshandsamar å sjekke om retningslinene vert følgt i planarbeidet, jfr pbl §§ 19-6 og 23 nr 3.

I tilknytning til retningslinene er det sett av eit felt for stadfesting. Dersom punktet er uaktuelt i høve planområde/-tema, er tilhøve til fylkesdelplanen kvittert ut. Dersom planen heilt klart er i samsvar med retningslinene (ja), er det tilstrekkeleg å kvittere ut dette også. Ved tvil eller nei, bør det følgje ein kommentar til punktet for nærare avklaring av dette. Særleg viktig vil det vere med ei grunngjeving, dersom ein vel å gå i mot retningslinene.

### 3 RETNINGSLINER

#### 3.1 OVERORDNA RETNINGSLINER

Dette kapittelet omhandlar prioriterte tema som er vurderte til å vere svært sentrale i den kommunale arealplanlegginga. Dei overordna retningslinene vil òg gjelde for alle arealbrukstema i planen (kapittel 3.2-3).

##### 3.1.1 ESTETIKK I LANDSKAPSFORVALTNINGA

###### RELEVANTE KART

[Kulturlandskap](#)

[Plankart 2: Ressursar og friluftsliv](#)

###### RETNINGSLINER

- | RETNINGSLINER   | Ja/Nei | Uaktuelt |
|---|--------|----------|
| a. Nasjonalt og regionalt viktige natur- og kulturlandskap som er kartfesta og omtalte i fylkesdelplanen, skal gjevast særleg merksemd i kommuneplanarbeidet;   |        |          |
| b. Planlagde utbyggingstiltak (bustad, hytter, vegar) eller anna vesentleg endring av arealbruken innafor desse områda skal omtalast spesielt i høve til estetikk og lokal tilpassing.  |        |          |
| c. Statlege og regionale verkemiddel vil bli prioriterte ved forvaltningstiltak innafor desse områda.   |        |          |
| d. Nye utbyggingstiltak bør plasserast og utformast på ein måte som styrkjer kommunen, bygda og tettstaden sitt særpreg.  |        |          |
| e. I områderetta kommunedelplanar for tettstad, bygd og grend bør ein utarbeide ein enkel "miljøplan" (stadanalyse/landskapsanalyse/miljøvurdering) som synleggjer viktige landskapstrekk, kulturmiljø og mykje brukte eller eigna område for ålmenta langs sjø og større vassdrag. |        |          |

##### 3.1.2 FRILUFTSLIV OG VIKTIGE NATUROMRÅDE

###### RELEVANTE KART

[Friluftsliv](#)

[Naturområde](#)

[Villmark](#)

###### RETNINGSLINER

RETNINGSLINER	Ja/Nei	Uaktuelt



<p><b>Generelt</b></p> <p>a. Nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde skal visast med eigen skravur i arealdelen i kommuneplanen, som viktig informasjon i høve til ulike interessegrupper.</p> <p>b. I friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelege inngrep, bør ein unngå inngrep.</p> <p>c. Statlege og regionale verkemiddel vil prioritere forvaltningstiltak innanfor desse områda.</p> <p>d. Viktige vassførekomstar nær område der folk bur og oppheld seg dagleg og som er eigna til bading og friluftsliv, skal sikrast ein tilfredsstillande vasskvalitet og vern av tilgrensande areal mot nedbygging og skadelege inngrep.</p> <p><b>Hyttebygging</b></p> <p>e. Hyttefelt bør ikkje plasserast i friluftsområde som i dag er utan tekniske inngrep</p> <p>f. Innanfor friluftsområda skal det vere ei restriktiv haldning til dispensasjonar.</p> <p><b>Landbrukstiltak</b></p> <p>g. Det skal takast omsyn til friluftinteressene ved planlegging og bygging av nye større landbruksvegar.</p> <p>h. Oversiktsplanar for landbruk må omtale og kartfeste viktige friluftsområde i kommunane. Her omfattar friluftsområde også område av verdi for lokalsamfunnet</p> <p><b>Havbruk - fiskeoppdrett</b></p> <p>i. Nye oppdrettsanlegg bør etablerast utanfor dei viste friluftsområda.</p> <p><b>Nye større tiltak</b></p> <p>j. Nye større tiltak, som t.d. massetak og vindkraftanlegg, bør unngåast i avmerkte friluftsområde.</p>		
<p><b>3.1.3 BIOLOGISK MANGFALD</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b></p> <p><a href="#">Naturområde</a></p> <p><a href="#">Kulturlandskap</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p> <p>Unngå inngrep i og omdisponering av;</p> <p>a. Naturtypar som er sjeldne, spesielt sårbare eller truga.</p> <p>b. Område med viktig biologisk funksjon.</p> <p>c. Spesielt artsrike område.</p> <p>d. Leveområde for raudlista artar (truga, sårbare og sjeldne artar).</p> <p>e. Store, samanhengande område som er tilnærma urørte av tekniske inngrep.</p> <p>-----</p> <p>f. Vassførekomstar og kystområde av særskilt verdi for bevaring av biologisk mangfald skal sikrast mot skadelege utslepp og påverknad.</p> <p>g. Her i fylket vil viktige naturtypar m.a. vere våtmarksområde i</p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>



<p>låglandet (elvedelta, øyrer og område med brakkvatn) flaummark-/sumpskogar, artsrike edellauvskogar, gamalskog, opne ugjødsla beite- og slåtteeenger.</p> <p>h. Viktige område for biologisk mangfald bør visast i temakart til kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>i. Ved utlegging av nye utbyggingsområde skal det takast omsyn til desse kartleggingane.</p>		
<p><b>3.1.4 KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Kulturlandskap</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p> <p><i>Endring pnkt f: På grunn av endring i tildeling av SMIL-midlane, vil punktet også gjelde for desse kommunale økonomiske verkemidler.</i></p>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
<p>a. Kulturminne / kulturmiljø / kulturlandskap skal vere integrert i all areal-, miljø- og ressursplanlegging i kommunane og i fylket.</p> <p>b. Dokumentasjon av kulturminne / kulturmiljø / kulturlandskap skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dokumentasjonen skal innehalde opplysningar om fysiske spor etter tidlegare og noverande bruk av området, i form av bygg/anlegg, tekniske kulturminne, automatisk freda kulturminne, kulturlandskap m.m.</p> <p>c. Eldre reguleringsplanar må takast opp til revisjon når tiltak, med heimel i planen, kan føre til øydelegging eller forringing av verneverdige kulturminne / kulturmiljø / kulturlandskap, spesielt når slike forhold ikkje blei vurderte før godkjenning av planen. Kommunen vurderer eventuelt trong for mellombels bygge- og deleforbod (PBL §33).</p> <p>d. Planar for vedlikehald og utbetring av freda bygningar skal godkjennast av kulturavdelinga i fylkeskommunen. Dispensasjon kan gjevast for mindre tiltak som ikkje medfører vesentleg inngrep i det freda kulturminnet.</p> <p>e. Melding om tiltak nærare enn 100 m frå automatisk freda kulturminne må føreleggast kulturavdelinga i fylkeskommunen for vurdering.</p> <p>f. Dei kommunevise, regionalt og nasjonalt verdifulle kulturlandskapsområda skal leggast til grunn for kommunalt planarbeid og vil bli prioriterte ved tildeling av statlege og regionale økonomiske verkemiddel. Berre tiltak som vidarefører og tek vare på kulturlandskapet bør få offentleg godkjenning og støtte. Nye inngrep/utbyggingstiltak som til dømes masseuttak, vegar, nydyrking, hytte- og bustadbygging må ikkje skje her.</p> <p>g. Kulturminne og kulturlandskap av stor lokal eller regional verdi bør sikrast gjennom reguleringsplan. Nasjonalt verdifulle kulturlandskap må sikrast ved bruk av PBL eller Lov om kulturminne.</p> <p>h. I kulturlandskap og i LNF-område med viktige kulturminne, bør det som eit minimum lagast forvaltningsplanar med retningslinjer for bruk og skjøtsel for å ta vare på kulturverdiane i eit heilskapleg miljøperspektiv. Dette gjeld</p>		



<p>spesielt for stølsområde.</p> <p>i. For stølar i drift eller nedlagde stølar er det viktig å oppretthalde miljøkvalitetane ved å ta vare på gamle vegar, stigar, bruer, rydningsrøyser, steingjerde, tufter og andre kulturminne på og utanfor stølsvollen. Nye tiltak, som t.d. hytter som ikkje har direkte samanheng med stølsmiljøet, må i størst mogleg grad leggest utanfor og klart skilt frå stølsvollen. Eventuell tilknytning til veg må i størst mogleg grad leggest utanfor stølsråka.</p> <p>j. Kulturminne / kulturmiljø / kulturlandskap, særleg i og ved tettstader, kan og bør koplast saman med grønstrukturar og friluftsområde.</p>		
<h3>3.1.5 SKREDUTSETTE OMRÅDE</h3> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Skredområde</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>
<p>a. Fareområde for skred må innarbeidast i og visast på alle kommune/-kommunedelplanar.</p> <p>b. Ved etablering av nye utbyggingsområde til m.a. bustader og næringsføremål i område der det kan vere fare for skred, må det gjennomførast ei vurdering av skredfare i samband med planlegginga. Planar som ikkje har lagt slike vurderingar til grunn, bør ikkje kunne godkjennast.</p> <p>c. Ved planlegging av nye utbyggingsområde må det innarbeidast rutinar for ei forsvarleg vurdering av skredfare. Dette medfører m.a. innhenting av lokal dokumentasjon om tidlegare skred, bruk av faresonekart og bruk av skredeksperter i område som er vanskelege å vurdere.</p>		
<h3>3.2 LANDELEN</h3> <h4>3.2.1 LNF-OMRÅDE</h4> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Naturområde</a>  <a href="#">Plankart 1: Tettstadar og infrastruktur</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>
<p><b>Jordbruk</b></p> <p>a. Omfang og lokalisering av spreidd bustad- og hyttebygging i LNF-områda skal fastsetjast gjennom arealdelen i kommuneplanen.</p> <p>b. Gjennom kommunen sin arealplan skal det vurderast kva stølsområde som framleis skal ha funksjon som landbruksområde, og kva stølar som ikkje skal ha slik funksjon (ABC); verneverdige stølar (A), driftsstølar (B) og fritidsstølar (C).</p> <p>c. I arealdelen i kommuneplanen skal det definerast og setjast av høgproduktive jordbruksareal. I slike område skal det ikkje gjevast dispensasjon for arealbruk som er i strid med</p>		



<p>hovudføremålet. Ei fagleg vurdering av jordbruksareala i kommunen bør skje i samarbeid med fylkesmannen si landbruksavdeling .</p> <p>d. LNF-områda skal kartfestast gjennom arealdelen av kommuneplanen. Ved vurdering av bruk/vern av i desse områda, må kommunane også trekke inn problemstillingar kring "attgroing" i LNF-områda og korleis dette best kan løysast innan eigen kommune.</p>		
<p><b>Skogbruk</b></p> <p>e. Nye skogsvegar bør tilpassast landskapet for å unngå skjemma "sår" i landskapet.</p> <p>f. I arealdelen av kommuneplanen skal det definerast og setjast av høgproduktive skogbruksareal. Nye skogsbilvegar bør primært knytast opp til desse. I slike område skal det ikkje gjevast dispensasjon for arealbruk som er i strid med hovudføremålet. Ei fagleg vurdering av skogbruksareala i kommunen bør skje i samarbeid med fylkesmannen si landbruksavdeling.</p> <p>g. Behovet for nye vegar og vegtettleiken må avpassast etter skogen sin produksjons- og bereevne. På areal med grunnlag for intensivt skogbruk, inneber dette eit relativt tett vegnett (vegtettleik 12-20 m/ha), og på areal med svakare grunnlag for eit aktivt skogbruk ein lågare vegtettleik (5-10 m/ha).</p> <p>h. På uproduktiv skogsmark og på den ikkje økonomisk drivverdige delen av skogarealet bør det ikkje planleggjast/byggast nye skogsbilvegar, med mindre dette er avklara gjennom kommuneplan/-delplan.</p> <p>i. På areal i "Inngrepsfri sone 1 og 2" skal det gjennomførast ei reell avveging mellom næringsinteressene og miljøinteressene før ei eventuell vegbygging. Etablering av skogsbilvegar bør ikkje bidra til ytterlegare reduksjon av desse områda.</p> <p>j. I kommunar med varig verna vassdrag (forvaltningsklasse 3) bør det utarbeidast differensierte planar for forvaltninga av desse vassdraga i samsvar med RPR for verna vassdrag.</p>		
<p><b>3.2.2 GEOLOGI</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b></p> <p><a href="#">Mineralressursar</a>  <a href="#">Skredområde</a>  <a href="#">Sand- og grusførekomstar</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>
<p><b>Mineralressursar og bergverk</b></p> <p>a. I område med økonomisk lønsame mineralressursar bør det leggast til rette for utnytting.</p> <p>b. Etablering skal ikkje skje der ho vil øydeleggje eller forringe viktige landskap og friluftsområde av regional og nasjonal verdi.</p> <p>c. Viktige/store mineral- og steinførekomstar skal gå fram av kommuneplanen sin arealdel.</p>		



<p><b>Sand- og grusførekomstar</b></p> <p>d. Sand- og grusterrassar som er viktige/karakteristiske landskapselement. bør ikkje utnyttast/takast ut før konsekvensane av eventuelle tiltak er klartgjorde.</p> <p>e. Ved etablering av uttak skal det takast særskilde omsyn til støy, trafikk, stabilitet, støv etc.</p> <p>f. Tiltak i "verdifulle landskapsområde" skal vurderast i kommuneplanen/arealdelen av kommuneplanen.</p>		
<p><b>Skjelsand</b></p> <p>g. Område med skjelsand skal avmerkast i kommuneplanen sin arealdel som grunnlag for konsesjon.</p>		
<p><b>Vasskjelder/nedslagsfelt</b></p> <p>h. Etablering av tiltak i nedslagsfelt og tilsigsområde til drikkevatt skal ikkje skje utan at det vert dokumentert at tiltaket ikkje har skadeverknader på vasskjelda.</p> <p>i. Sand- og grusavsetningar med gode grunnvassførekomstar bør ikkje nyttast til masseuttak eller til utbyggingsføremål, med mindre det vert dokumentert at tiltaket/utbygginga ikkje har skadeverknader for grunnvatnet.</p> <p>j. Vasskjelder til drikkevatt må sikrast gjennom arealdelen i kommuneplanen.</p>		
<p><b>3.2.3 SENTERSTRUKTUR OG UTBYGGINGSMØNSTER</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b></p> <p><a href="#">Samferdsle</a></p> <p><a href="#">Plankart 1: Tettstadar og infrastruktur</a></p>		
<p><b>RETNINGSLINER</b></p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>
<p><b>Utbyggingsmønster/senterstruktur</b></p> <p>a. I Sogn og Fjordane er Førde fylkessenter. I samsvar med gjeldande fylkesplan vert det ikkje definert andre regionsenter.</p> <p>b. Ved lokalisering av nye fylkeskommunale bygg skal etableringa vere med på å byggje opp under sentra med regionale funksjonar.</p> <p>c. I kommunar med stor grad av konflikt mellom jordvern og utbygging skal det gjennomførast ei jordpolitisk arealvurdering (sjå kapittel 5.2). Kommunar med stor og middels grad av konflikt mellom landbruk og utbyggingsinteresser i tettstader er:</p> <p>d. Eid, Førde, Sogndal, Lærdal og Vik (stor grad av konflikt).</p> <p>e. Hornindal, Gloppen, Gaular, Fjaler, Jølster, Leikanger, Balestrand, Luster, Stryn og Naustdal (middels grad av konflikt).</p> <p>f. Som hovudregel skal den overordna arealbruken i og ved sentra avgjerast ved revidering av kommuneplanen, ikkje som enkeltvis reguleringsplanar eller dispensasjonssaker.</p> <p>g. I arbeidet med tettstadutvikling skal kommunane legge til rette for friområde og "grøne korridorar" i sentrum.</p> <p>h. Omsynet til trygge skuleveggar skal leggest til grunn ved</p>		



<p>lokalisering av bustadfelt.</p> <p>i. Tett bustadbygging i sentra skal vere tilpassa ulike aldersgrupper, med vekt på unge og eldre sine behov og lett tilkomst til vare- og tenestetilbod.</p> <p>j. Som grunnlag for arbeidet med tettstadutvikling bør det gjennomførast ein tettstadanalyse der følgjande moment vert trekte inn;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Friområde i tettstaden og grønne korridorar mellom tettstaden om omkring-liggjande frilufts- og naturområde skal takast vare på.</li> <li>- Tettstaden si form og utbyggingsmønster skal tilpassast naturlandskapet.</li> <li>- Samanhengande grøntstruktur skal binde dei utbygde områda og friareala saman med frilufts- og utmarksområda omkring med eit nett av tur-, gang- og sykkel- vegar. Eksisterande elvar, bekkar, strandline og våtmark skal bevarast som element i grøntstrukturen.</li> <li>- Sentrum (i.h.t. MD sine kriterium for avgrensing av sentrum) skal utviklast med eit attraktivt miljø og som ein møtestad for handel, næringsliv og kultur.</li> </ul>		
<p><b>Utnyttingsgrad</b></p> <p>k. Dess betre jord som ligg i og ved byggjeområdet, dess høgare skal utnyttinga vere ved nybygg og fortetting.</p> <p>l. Område med stor vekst eller utbyggingspress, skal ha ein høg grad av utnytting ved nybygg og fortetting. Område med lite eller ingen vekst eller utbyggings- press kan ha ein mindre grad av utnytting ved nybygg og fortetting.</p> <p>m. I område definert som sentrum i ein tettstad eller i eit kommunesenter skal det leggest til grunn ein høg grad av utnytting av areal. I område i utkanten av sentrum og randområde til sentrum skal graden av utnytting vurderast i høve til produksjonskvalitet på jordbruksareal.</p>		
<p><b>Retningslinjer for utforming av ikkje utbygde areal</b></p>	<p><b>Ja/Nei</b></p>	<p><b>Uaktuelt</b></p>
<p>n. Ubygde areal som ligg kring/inntil private bygg og anlegg, skal ha ei utforming som ikkje verkar skjemmande i tettstaden. Det bør innarbeidast retningslinjer og reglar for utforming og vedlikehald for denne typen areal i kommuneplanen.</p>		

**3.2.5 INFRASTRUKTUR****RELEVANTE KART**[Samferdsle](#)

<b>RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
<p>a. Dersom dei naturgjevne føresetnadene er til stades, bør kommunen leggje til rette for sjøorienterte nærings- og industriområde med tilhøyrande kaianlegg og terminalar.</p> <p>b. Det skal ikkje leggjast hindringar for opprustinga av dei tradisjonelle farleiene.</p> <p>c. Flytilbodet i fylket skal optimaliserast, slik at ein oppnår best mogleg flytilbod</p> <p>d. Kommunane skal syte for naudsynt areal til ankring/lagring som ikkje kjem strid med ferdsla langs farleiene</p> <p>Ved avsetjing av areal til ny infrastruktur skal det takast særskilde omsyn til:</p> <p>e. Viktige næringsareal (jordbruk, skogbruk).</p> <p>f. Kulturminne og -landskap.</p> <p>g. Naturområde og leveområde for truga artar.</p> <p>h. Viktige rekreasjons-/friluftsområde.</p> <p>.....</p> <p>i. Ved framføring av kraftliner i utbygde område skal jordkabel alltid vurderast.</p>		

**3.2.6 ENERGI****RELEVANTE KART**[Energi](#)[Plankart 2: Ressursar og friluftsliv](#)

<b>RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
<p><b>Vassdragsutbygging</b></p> <p>a. For vassdrag som i 'Samla Plan for Vassdrag' er plasserte i kategoriane I og II, skal det normalt ikkje planleggjast eller utførast tiltak som vil kome i strid med ei eventuell framtidig kraftutbygging. Eventuelle tiltak i strid med framtidig kraftutbygging skal avklarast gjennom planar på fylkesnivå i regi av fylkeskommunen/fylkesmannen.</p>		
<b>Vindkraft</b>		





<p>b. Område som på plankart II er viste som aktuelle område for vindkraft, er basert på vindressurskartlegging frå Vector. I desse områda er det ikkje kjende konflikhtar med annan arealbruk. I slike område er det opna opp for etablering av vindkraftanlegg etter følgjande retningslinjer;</p> <p>c. Det må gjennomførast ei meir detaljert vindkraftkartlegging i området for nærmare avgrensing og lokalisering av anlegget.</p> <p>d. Arealbruken til planlagde vindkraftanlegg skal avklarast gjennom ein kommunedelplan.</p> <p>Det skal leggest vekt på følgjande forhold når areal til vindkraftanlegg skal avsetjast:</p> <p>e. Stabile vindtilhøve for kraftproduksjon.</p> <p>f. Gunstig plassering i høve til eksisterande infrastruktur (vegar, kraftlinjer mm.).</p> <p>g. Akseptable nærverknader for t.d. nærliggjande bustader</p> <p>h. Unngå vesentleg konflikt med viktige kulturlandskap, naturområde, rekreasjonsområde.</p> <p>i. Utforming og dimensjonering må ta omsyn til landskap og naturgjevne faktorar på staden.</p> <p>j. Anlegg med få større møller er å føretrekke framfor anlegg med mange mindre møller.</p> <p>k. I område som er verna etter særlov eller Plan- og bygningslova og område som ligg i 100-metersbeltet, er det ikkje høve til å etablere vindkraftanlegg. .....</p> <p>l. Område i fylkesdelplan for friluftsliv avsette til friluftsområde av regional- og nasjonal verdi kan ikkje nyttast til vindkraftanlegg utan at det ligg føre konsekvensutgreiningar som dokumenterer at slik etablering ikkje får skadeverknader for friluftsområda.</p>		
<p><b>Grunnvarme</b></p> <p>m. I område der det er mogleg og økonomisk forsvarleg, bør grunnvarme som alternativ energikjelde vurderast for nye bustader, forretnings- og industrilokale.</p> <p>n. Når nye utbyggingsområde til bustad, forretning og industri blir utlagde gjennom kommunale planar, bør grunnvarme vurderast som alternativ energikjelde. Grunnvarme som alternativ energikjelde bør i slike tilfelle verte ein del av dei kommunal tekniske anlegga.</p>		
<p><b>Andre energikjelder</b></p> <p>o. I område der det er mogleg, skal det leggest til rette for at sjøvarme kan utnyttast til oppvarming.</p> <p>p. Ved etablering av nye bustadfelt nær sjø, skal varmepumpe og utnytting av sjøvarme vurderast innført som eit kommunalteknisk anlegg.</p> <p>q. Bruk av sjøvarme som energikjelde skal avklarast gjennom kommuneplanen.</p> <p>r. Areal i sjø som skal nyttast til sjøvarme, skal sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel.</p>		
<p><b>Gasskraft</b></p> <p>s. Kommunar som er aktuelle for ei eventuell lokalisering av anlegg for foredling av gass, bør avsette areal i kommuneplanen sin arealdel.</p>		



t. Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing som grunnlag for endeleg lokalisering av slike anlegg.		
<p><b>3.3 KYSTSONA</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Samferdsle</a>  <a href="#">Arealbruk i sjø</a>  <a href="#">Havbruk</a></p> <p><b>3.3.1 FORVALTING AV 100-METERSBELTET</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Friluftsliv</a>  <a href="#">Naturområde</a></p>		
<b>GENERELLE RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
<p>Arealbruken i strandsona skal avklarast gjennom kommuneplanen - som skal prioritere arealbruk og ta stilling til;</p> <p>a. Kva område som skal takast i bruk.</p> <p>b. Areal til sjøtilknytt verksemd.</p> <p>Ved planlegging i strandsona skal det skal m.a. leggast vekt på følgjande:</p> <p>c. Unngå utbygging i ubygde/urørte område og på ubygde/urørte øyar og holmar.</p> <p>d. Unngå bygging i/ved viktige naturområde: elveosar, langgrunne mudderstrender, strandenger, grunne bukter og pollar, sanddyner/sandstrender, rullesteinfjører og rike strandberg.</p> <p>Ingen bygging i:</p> <p>e. Område verna etter naturvernlova.</p> <p>f. Naturområde av nasjonal/regional interesse (nasjonalparkplan, EDNA, kulturlandskapsregistreringane, ulike verneplanar for våtmark, myr og edellauvskog).</p> <p>g. Friluftsområde av nasjonal/regional verdi (fylkesdelplan for friluftsliv, FRIDA).</p>		
<p><b>RETNINGSLINER FOR KYSTEN</b></p> <p>h. Styra ny aktivitet og tiltak til eksisterande utbygde område(samlokalisering).</p> <p>i. Gjennom retningslinjer (i kommuneplanen) ivareta omsynet til allmenn ferdsel og landskapstilpassing.</p>		
<p><b>RETNINGSLINER FOR FJORDANE</b></p> <p>j. Haldninga til eventuell omdisponering i strandsona skal vere streng. Det må vere eit krav om sjøretta verksemd.</p> <p>k. Det skal gjennomførast vurderingar av alternativ lokalisering før strandsone vert teken i bruk.</p>		
<p><b>3.3.2 FISKERI</b></p> <p><b>RELEVANTE KART</b>  <a href="#">Arealbruk i sjø</a>  <a href="#">Havbruk</a></p>		



<b>RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
a. Kaste- og låssettingsplassar skal vernast mot inngrep som kan gjere dei ubrukelege.		
b. Etablering av tiltak i sjø må vurderast opp mot eksisterande infrastruktur i sjø og på land. Anlegg med gode kommunikasjonar skal prioriterast.		
c. Kystsonedelen av kommuneplanen (arealdel i sjø) må innehalde område for m.a. vasking av reiskapar og dumping.		
d. Aktivitetar på land må ikkje føre til øydelegging av viktige fiskefelt.		
e. For ikkje å øydelegge viktige rekefelt skal ein unngå å legge sjøkablar/leidningar gjennom felta.		
<b>3.3.3 FISKEINDUSTRI</b>  <b>RELEVANTE KART</b> <a href="#">Arealbruk i sjø</a> <a href="#">Havbruk</a>		
<b>RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
a. Det bør etablerast fiskemottak i område med låg/inga dekning.		
b. Ved lokalisering av nye fiskeribedrifter må det takast omsyn til vassforsyning med tilfredsstillande kvalitet.		
c. Det bør setjast av areal til å etablere fiskebedrifter i kommunane sine kystsoneplanar (arealplanar i sjø etter pbl.) Slike areal skal vurderast mot andre interesser, som etablering av småbåthamner og badeplassar.		
d. Ved arealkonfliktar skal sjøtilknytt industri prioriterast.		
<b>3.3.4 OPPDRETT AV FISK OG SKALDYR</b>  <b>RELEVANTE KART</b> <a href="#">Arealbruk i sjø</a> <a href="#">Havbruk</a>		
<b>RETNINGSLINER</b>	<b>Ja/Nei</b>	<b>Uaktuelt</b>
a. Eksisterande/regulert/planlagt område for bygging av hytter/fritidsbustader bør ikkje grense til område for akvakulturføremål i sjø.		
b. Ved rullering av kystsoneplanen og ved utarbeiding av nye planar skal kommunen ikkje basere seg på bruk av P.bl. §7 ved handsaming av søknad om etablering av skjelanlegg.		
c. Område avsett til påslag for skjel og område avsett til oppdrett av skjel i fylkesdelplanen for arealbruk skal sikrast mot annan bruk gjennom arealdelen av kommuneplanen i aktuelle kommunar.		
d. Etablering av havbruksanlegg bør skje utanfor verna område, men dersom det ikkje er i strid med formålet for vern kan ein tillate etablering av havbruksanlegg i område som er omfatta av vern.		
e. Etablering av havbruksanlegg bør skje utanfor friluftsområde.		
f. Kaste- og låssetjingsplassar som er gitt 1.prioritet i		

<p>Fiskeridirektoratet sitt register står i arealplanen som område for fiskeriaktivitet. Det blir ikkje gitt løyve til å etablere oppdrettsanlegg i områda. Eventuelle konflikhtar med plassar som er gjevne lågare prioritet, vert vurderte av Fiskeridirektoratet i samarbeid med fiskarane i kvart einskild tilfelle.</p> <p>g. Ein skal unngå å legge akvakulturområde i registrerte felt for reketråling. Områda kan grense mot kvarandre. Utlegging/fortøying av akvakulturanlegg må då skje etter samråd med dei som driv tråling etter reke.</p>		
--	--	--